

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 04.06.2019
SAKSHANDSAMAR: Lena Forgaard
SAKA GJELD: **Statusrapport felleseigde helseføretak per juni 2019**

ARKIVSAK: 2019/5282
STYRESAK: **072/19**

STYREMØTE: **18.06. 2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF tek statusrapport om dei felleseigde helseføretaka per juni 2019 til etterretning.

Statusrapport felleseigde helseføretak per juni 2019

Nasjonale fellestenester

Det overordna føremålet med dei felleseigde helseføretaka er å styrka og betra tilbodet til pasientane gjennom å sikre samordning, likskap og likeverd, og samstundes legge til rette for at oppgåvene blir løyst med god ressursutnytting. Vidareutvikling av det interregionale samarbeidet og ei betre samordning på tvers av regionane er ein viktig del av den nasjonale helsepolitikken.

Dei regionale helseføretaka eig i fellesskap følgjande helseføretak (HF):

- Pasientreiser HF – etablert i 2009 med hovudkontor i Skien
- Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF (HDO) – etablert i 2013 med hovudkontor i Gjøvik
- Luftambulansetjenesten HF – etablert i 2004 med hovudkontor i Bodø
- Sykehusbygg HF – etablert i 2014 med hovudkontor i Trondheim
- Sykehusinnkjøp HF – etablert i 2015 med hovudkontor i Vadsø (tidlegare HINAS, etablert 2003)
- Nasjonal IKT HF – etablert som eget helseføretak i 2014 med hovudkontor i Bergen.

Dei felleseigde helseføretaka blir styrt gjennom årlege oppdragsdokument som omtalar eigarane sine krav og oppgåver til føretaka og eigarane sin finansiering. Inntektene til felleseigde helseføretak skal i hovudsak være basert på prisar for tenester levert til dei enkelte regionale helseføretaka eller helseføretak. Eigarane finansierar fellesaktivitetar som det ikkje er tenleg å prise som tenester.

Styresakene 079-2014 *De regionale helseforetakenes felleseide selskaper* og 103-2015 *Styring av de regionale helseforetakenes felles eide selskaper*, gir ei grundig utgreiing om dei felleseigde helseføretaka. I løpet av året vil eigarane gjere ein ny gjennomgang av oppfølging og styring av felleseide helseføretak.

Kort status per helseføretak:

I det følgande blir det presentert ein kort status per helseføretak. Status er basert på dei felleseigde føretaka si tertialvise rapportering til eigarane og på oppfølgingsmøter gjennomført med HF-a den 27. mai 2019.

Pasientreiser HF

Hovudføremålet til Pasientreiser HF er å oppfylle dei regionale helseføretaka sitt sørge-for-ansvar innan (området) pasientreiser. Føretaket hadde per 30. april 2019 143 tilsette.

Helseføretaket rapporterer om ei positiv utvikling når det gjeld digitalisering av tenesetene. Tenestene har blitt meir tilgjengelege for brukarane og tida til saksbehandling er redusert.

Dette er viktige føresetnader for å gjere føretaket meir effektivt og syner at intensjonen bak eit nasjonalt føretak blir innfridd. Når det gjeld grad av automatisering er det ei positiv utvikling, men føretaket når ikkje heilt målkrava så langt i 2019.

Digitalisering av reiser utan rekvisisjon går raskare enn planlagd. Digitale søknadar aukar og omfanget av inngåande post går ned. Responstid for brukarstøtte og automatiserte vedtak for reiser utan rekvisisjon er ikkje i tråd med målkravet. Føretaket har satt i verk tiltak for å nå målet.

I 2019 har Pasientreiser HF særleg fokus på desse oppdraga:

- Prosjekt «Oppgjørskontroll og Samkjøring»
«Samkjøring», eit prosjekt som utviklar ei løysing for å automatisere og effektivisere planlegging og gjennomføring av reiser for pasientar som har rekvisisjon, følger revidert plan for framdrift. Prosjektet skal implementere ny løysing i Helse Midt-Norge hausten 2019. Frå januar startar Helse Sør-Øst, før Helse Vest i mars og Helse Nord i april.
- Reiser med Rekvisisjon (RmR)
Sjølveteningsløysinga for reiser med rekvisisjon (RmR) byggjer vidare på ei etablert løysing for reiser utan rekvisisjon på helsenorge.no. Prosjektet hentar erfaringar frå andre aktørar som også har sjølveteningsløysingar. Prosjektet er i rute.
- Stortinget har bede regjeringa gå gjennom reglane for pasientreiser og evaluere pasientreiseforskrifta, med mål om å forenkle og betre ordninga for pasientreiser. Helsedirektoratet har fått ansvar for oppdraget, og Pasientreiser HF skal hjelpe til med analyser og faktagrunnlag på bestilling frå direktoratet. Rapporten skal sendast til HOD i juni 2020. Arbeidet er i rute. Parallelt er alle RHF-a bede om å gå gjennom organiseringa av pasientreiseordninga. Arbeidet blir leia av Helse Sør-Øst RHF, og Pasientreiser HF skal hjelpe til med analyser og faktagrunnlag. Arbeidet er i rute.

Økonomi

Per første tertial viser rekneskapen eit under forbruk på ca 2,7 millionar kroner, det vil seie eit avvik frå budsjett på 3,8%. Årsakene er mellom anna:

- Effekten av digitaliseringa av digitale søknadar i «Mine pasientreiser» kjem raskare enn venta og har redusert postinngang med 15%.
- Forseinking i planlagd prosjektarbeid (Samkjøringsprosjektet)
- Rekruttering av personell går saktare enn forventa

Status

Pasientreiser HF si utvikling i 2019 er i hovudsak i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett.

Luftambulansetjenesten HF

Føretaket si primære og prioriterte oppgåve er å tilby luftambulansetjenester og medisinske tjenester til befolkninga heile døgnet. Ved årsslutt 2018 hadde føretaket 30 tilsette. Hovudkontoret er i Bodø, men føretaket har også tilsette i Trondheim (medisinsk tekniske tjenester) og Tromsø (Flykoordineringsentralen).

Mottaksprosjekt ambulansefly

Helseføretaket har i 2019 arbeidd mykje med overgangen til ny avtale for ambulanseflytenester frå 1. juli 2019. Mottaksprosjekt for ambulanshelikopter og ambulansefly følger den nye operatøren fram mot avtalestart. Det er fortsatt store utfordringar knytt til ambulanseflytenesta.

Økonomi

Per første tertial rapporterer føretaket om eit resultat på 20,1 millionar kroner, noko som så langt er 500 000 kroner svakare enn budsjettet. Samstundes er det uvisse knytt til korleis skifte av flyoperatør vil påverke økonomien i selskapet. Estimerte meirkostnader til skifte av flyoperatør er på rundt 15 millionar kroner. Det er ikkje sett av midlar til dette i 1. tertial.

Status

Luftambulansetjenesten HF si utvikling i 2019 er så langt i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett.

Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF

Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF skal bidra til å realisere helsetenesta sine samla målsettingar for den nasjonale medisinske naudmeldetenesta¹. HDO si primære oppgåve er å levera landsdekkande stabile, kostnadseffektive og brukarvennlege tenester som tar i vare spesialist- og primærhelsetenesta sine behov. Føretaket hadde per 30. april 2019 60 fast tilsette.

Utvikling av nødnetsteknologi

HDO HF deltar i arbeidet med neste generasjon nødnett. Føretaket er i dialog med Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) og Helsedirektoratet for å avklare roller og ansvar internt i helsetenesta.

Nasjonalt AMK prosjekt

HDO HF fekk i oppdrag å vidareutvikle ei kommunikasjonsløyising som byggjer på den nye teknologien i det nasjonale AMK-prosjektet. Føretaket rapporterer om godt samarbeid med AMK-prosjektet som blir leia av Helse Vest RHF. Saman har dei kome fram til at det vil vere

¹ Dette gjeld også naudsynt og lovpålagt samarbeid mellom regionale helseføretak og kommunar innan naudmeldetenesta slik det går fram av Lov om spesialist-helsetjenesten, Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester og Forskrift om krav til akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus.

store positive synergier dersom dei nye kommunikasjons-løysingane blir kjøpt inn og implementert parallelt. Helseføretaket og det nasjonale AMK-prosjektet vil derfor samordne prosjekta i tida som kjem. Styret i HDO HF skal behandle planane 20. juni 2019.

Økonomi

Helseføretaket si rapportering per første tertial viser eit akkumulert resultat på 700 000 kroner. Dette er eit avvik frå budsjettet på 1,6 millionar kroner. Avviket skuldast periodiske avvik på kostnader, medan kundane ønsker lik fakturering i kvar periode.

Status

HDO si utvikling i 2019 er i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett.

Sykehusinnkjøp HF

Sykehusinnkjøp HF skal støtte spesialisthelsetenesta sitt behov for innkjøp av tenester. Saman med helseføretaka skal dei bidra til å realisere gevinstar innanfor alle innkjøpskategoriar. Helseføretaket sitt hovudkontor ligg i Vadsø, med kontor/einingar i alle dei fire helseregionane. Føretaket hadde per 1. mai 2019 244 fast tilsette.

Strategi

Arbeidet med å utvikle helseføretaket held fram og Sykehusinnkjøp HF har i 2019 starta arbeidet med å utvikle ein ny strategi for føretaket. Det er lagt vekt på god involvering og forankring av arbeidet inn mot RHF/HF-strukturen.

«Nye metoder» og legemiddel

Sykehusinnkjøp skal ha ei aktiv rolle i prosessane i Nye Metoder, og skal i følge mandat frå Beslutningsforum gjennomføre forhandlingar og utarbeide forslag til avtalar for innkjøp.

Styrka avtaleforvaltning og leverandør oppfølging

Sykehusinnkjøp HF har i 2019 fått i oppdrag å styrke oppfølginga av leverandørar. Einingane i Sykehusinnkjøp HF varierer når det gjeld storleik. Føretaket rapporterer om at dette gjer det utfordrande for enkelte einingar å følgje opp alle forventningar til leveransar frå helseføretaka. Dei andre (resten av) einingane har laga planar for korleis dei skal forvalte avtaleporteføljen i lag med regionane.

Økonomi

Helseføretaket har per april 2019 eit resultat på 300 000 kroner, det vil seie 5,2 millionar kroner betre enn budsjettet.

Status

Sykehusinnkjøp HF si utvikling i 2019 er i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett.

Sykehusbygg HF

Sykehusbygg HF si oppgåve er å tilby tenester for prosjektering og bygging av sjukehus til alle helseføretak. Meir spesifikt skal føretaket legge til rette for og bidra til standardisering, erfaringsoverføring, god ressursutnytting og ressurstilgang innan prosjektering og bygging av sjukehus. Sykehusbygg HF skal sørge for at erfaring frå forvaltning og drift av sjukehuseigedommar blir tatt omsyn til i nye prosjekt og kjem føretaka si eigedomsforvaltning til nytte. Føretaket har per 30. april 2019 118 tilsette.

Verksemda omfattar to hovudkategoriar av oppgåver; fellesoppgåver og prosjektoppgåver. Fellesoppgåver er oppgåver som føretaket tar hand om på vegne av dei fire helseregionane, medan prosjektoppgåver blir levert etter bestilling frå eit eller fleire helseføretak eller regionale helseføretak.

Føretaket arbeider godt med krava i oppdragsdokumentet for 2019, og dei fleste er gitt grøn status. I 2019 gjer føretaket ein gjennomgang av porteføljen av fellesoppgåver med mål om å:

- oppdatere mandat
- redusere tal prosjekt (gjennom avslutting og samanslåing der det er mogleg)
- klargjere budsjett, milepelar og forankring

Revidering av miljø- og klimarapport

Styra i dei regionale helseføretaka behandla i 2013 ein rapport om miljø- og klimatiltak innan bygg og eigedom i spesialisthelsetenesta. Sykehusbygg HF har fått i oppgåve frå eigarane å revidere rapporten med mål om å etablere ein standard for miljøkrav i bygg og rehabiliteringsprosjekt. Dette arbeidet er noko forsinka.

Økonomi

Per første tertial rapporterer Sykehusbygg HF om at forventningane til den årlege omsetnaden er redusert med 8% samanlikna med budsjettet (for den same perioden). Endringa skuldast i hovudsak ei forventning om færre tilsette enn budsjettert. Føretaket sine inntekter frå eksterne prosjekt er noko lågare enn prognosen for første tertial. Så langt har føretaket eit overskot på 5,4 millionar kroner. Dette er 5,7 millionar over budsjett. Avvika skuldast mellom anna:

- Lågare bruttoforteneste på grunn av lågare sal av timer, og ein noko lågare snittpris per time så langt i år.
- Færre tilsette gjev lågare lønnskostnader som veg opp tap av bruttoforteneste.
- Vesentleg lågare driftskostnader så langt i 2019. Dette skuldast mellom anna lågare rekrutteringskostnader

Status

Sykehusbygg HF si utvikling i 2019 er i hovudsak i samsvar med planlagt aktivitet og budsjett

Nasjonal IKT HF

Det vert ikkje rapportert på status per første tertial for Nasjonal IKT HF, då det i førre styremøte i Helse Vest RHF vert fatta vedtak om ein styrt avvikling av Nasjonal IKT HF. Sjø styresak 054/19.